



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Saksframlegg

«Beskrivelse»

«Paragraf»

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Kleppa, Sigrund	K1 - 400	14/2329

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
026/18	Arbeidsmiljøutvalet	PS	15.10.2018
014/18	Formannskapet som partssamansett utval	PS	16.10.2018

Rekrutteringstiltak lærarar

Forslag til vedtak:

Hjelmeland kommune innfører ei stipendordning for lærarstudentar mot at dei bind seg til å arbeida for kommunen i minst to år etter ferdig utdanning.

Hjelmeland, den 08.10.2018

Wictor Juul
Rådmann

Arbeidsmiljøutvalet - 026/18

AMU - behandling:

Behandling:

Føreslått at rådmannen får ansvar for å arbeide mot UiS og utdanningsinstitusjonane om å få både lærar- og sjukepleiarstudentar i praksis lokalt i kommunen. Elles samrøystes i samsvar med forslag til vedtak.

AMU - vedtak:

Forslag til vedtak:

Hjelmeland kommune innfører ei stipendordning for lærarstudentar mot at dei bind seg til å arbeida for kommunen i minst to år etter ferdig utdanning.



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Formannskapet som partssamansett utval - 014/18

FPU - behandling:

Behandling:

Endringsforslag til sak 014/18, foreslått av Westersjø, Sven Gil, <tittel>
Auka stipendordning frå kr. 10.000,- til kr. 15.000,- pr. semester.

Røysting:

Det vart først røysta over forslag til vedtak frå rådmannen: Samrøystes **vedteke**
Deretter vart det røysta over endringsforslag frå Gil Westersjø/AP: **Vedteke** med 9 røyster (AP, SP, V, H, tillitsvalgte). 2 (Krf) røysta mot.

FPU - vedtak:

Hjelmeland kommune innfører ei stipendordning for lærarstudentar mot at dei bind seg til å arbeida for kommunen i minst to år etter ferdig utdanning. Auka stipendordning frå kr. 10.000,- til kr. 15.000,- pr. semester.

Saksopplysninger:

Samandrag

Rådmannen legg fram sak med forslag til stipendordning for lærarar for å sikra kompetanse innanfor oppvekst.

Fakta

Rekruttering av lærarar dei siste åra har vore svært vanskeleg. For å sikre at kommunen kan gi eit godt pedagogisk tilbod til alle elevane, treng ein lærarar med godkjent kompetanse. I dag har kommunen ca 10 lærarar utan godkjent utdanning i ulike vikariat for skuleåret 2018-19 pr. 08.10.2018. Det er også 8 lærarar som er over 60 år. Hjelmeland kommune vil trengja mange lærarar dei kommande åra.

Frå hausten vart grunnskulelærarutdanninga utvida frå 4 til 5 år. Det medfører at i 2021 vil det ikkje verta utdanna nye grunnskulelærarar. Som ein del av kommunen sine rekrutteringstiltak vil ein tilby eit stipend på kr. 10 000,- i semesteret dei fire siste åra av studiet, mot ei bindingstid på to år som lærar i Hjelmeland kommune.

Økonomiske konsekvensar



HJELMELAND KOMMUNE

Kostnadane må verta innarbeida i budsjettet.

Vurdering og konklusjon

Mangel på lærarar med rett kompetanse er ei nasjonal utfordring. I Hjelmeland kommune vil fleire lærarar gå av med pensjon i laupet av dei neste 5 åra. For å rekruttera ny kompetanse vil kommunen nå ta i bruk stipendordning for lærarstudentar som ønskjer å binda seg til å jobba i kommunen minst to år etter fullført lærarutdanning. Dette må ein gjera for å halda seg konkurransedyktige i høve andre kommunar.

Dersom det er mogleg å få til eit samarbeid med utdanningsinstitusjonane, ønskjer ein at studentane tek mest mogelg av sine praksisperiodar i Hjelmeland kommunane.